

Helse Fonna HF  
Postboks 2170  
5504 Haugesund

14 MAR 2017

**Deres ref:**

**Vår ref:**  
2017/166 - 1294/2017


**Saksbehandler:**  
Hanne Løvereide Årstad 51963803

**Dato:**  
10.03.2017

## **Oversendelse av protokoll fra foretaksmøte i Helse Fonna HF 8. mars 2017**

Vedlagt følger protokoll fra foretaksmøte i Helse Fonna HF 8. mars 2017.

Vennlig hilsen  
Eieravdelingen

  
Hanne Løvereide Årstad  
seniorrådgiver

vedlegg

## **PROTOKOLL**

### **FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE FONNA HF**

Onsdag 8. mars 2017 kl 15.15 blei det halde føretaksmøte i Helse Fonna HF på Sola Strand Hotel, Sola.

Saksliste:

1. Føretaksmøtet blir konstituert
2. Godkjenning av dagsorden
3. Styringsdokument for 2016
4. Sal av tomt på Stord
5. Sal av Fitjar bu og behandlingsheim i Fitjar kommune

Frå Helse Vest RHF møte: Terje Vareberg, styreleiar

Frå styret møte: Kjell Arvid Svendsen, styreleiar

Frå administrasjonen møte: Olav Klausen, administrerende direktør

Også tilstades: Herlof Nilssen, administrerende direktør Helse Vest RHF  
Ivar Eriksen, eigardirektør

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med helseføretakslova og riksrevisjonslova.

### **Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert**

Terje Vareberg, med fullmakt til å utøve eigarmyndigheit på vegne av Helse Vest RHF etter helseføretakslova § 16, ønskte velkommen og spurde om det var merknadar til innkallinga.

Det var ingen merknadar til innkallinga.

Kjell Arvid Svendsen og Terje Vareberg blei valt til å underskrive protokollen.

Terje Vareberg overlet møteleiinga til Kjell Arvid Svendsen

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjend. Føretaksmøtet er lovleg sett.

### **Sak 2 Dagsorden**

Møteleiar spurde om nokon hadde merknadar til den utsende dagsorden. Det var ingen merknadar til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsorden er godkjend.

### **Sak 3 Styringsdokument 2017**

Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumenta til helseføretaka i styremøte 7. mars 2017.

Gjennom styringsdokumentet vil Helse Vest RHF gi helseføretaka ein mest mogleg heilskapleg og samla styringsbodskap for 2017. Styringsdokumentet skal klargjere dei premissane og rammene som gjeld for verksemda, og inneheld mål og dei resultatkrava som blir stilte til helseføretaka.

Helse Vest RHF legg vekt på å følgje opp det som står om mål og andre oppgåver for 2017 i oppdragsdokumentet frå Helse- og omsorgsdepartementet. Dei tre overordna styringsmåla for 2016 blir vidareført, og helseføretaka skal innrette verksemda si med tanke på å nå desse måla i 2017:

1. Redusere unødvendig venting og variasjon i kapasitetsutnyttinga.
2. Prioritere psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling.
3. Betre kvalitet og pasientsikkerheit.

Det er likevel ikkje slik at dei samla krava til helseføretaka går fram av styringsdokumenta. Dokumenta utfyller og konkretiserer oppgåver som det skal leggjast vekt på, og som skal

prioriterast. Disse oppgåvene må ein sjå i samanheng med mål, rammer og retningslinjer for helsetenesta som går fram av lover og forskrifter, Helse- og omsorgsdepartementet sitt oppdragsdokument for 2017 til Helse Vest RHF, og styringskrav frå eigaren formidla i føretaksmøtet i Helse Vest RHF, inkludert tidlegare styringskrav. Det blir lagt til grunn at helseføretaka er godt kjende med og set seg inn i desse dokumenta, samt i helse- og omsorgsministeren sin tale til sjukehusa den 10. januar 2017.

Helse Vest legg til grunn at helseføretaka sikrar at styringsdokumentet blir gjort kjent for leiarar på alle nivå i organisasjonen, og at det er etablert system for korleis krava i dokumentet skal operasjonaliserast i verksemda.

I dokumenta blir ikkje bestemte organisatoriske krav og føringar frå tidlegare år gjenteke med mindre det frå ein eigarståstad framleis er nødvendig å ha eit særskild fokus på kravet eller føringa. Eldre krav og føringar vil likevel framleis gjelde dersom ikkje noko anna er uttrykkeleg uttala.

Føretaksmøtet vedtok:

Føretaksmøtet vedtok styringsdokument for 2017 for Helse Fonna HF.

#### **Sak 4 Sal av tomt på Stord**

Styret i Helse Fonna HF gjorde i styremøte 27.10.2016 følgjande vedtak i styresak 062/16, Sal av tomt på Stord v/Pilehagen.

1. *Styret i Helse Fonna HF tilrår sal av tomt gnr. 27, bnr , Pihagen, i Stord kommune*
2. *Saka skal sendast til Helse Vest RHF for vidare handsaming.*

Saka blei oversendt Helse Vest RHF for vidare behandling og styret i Helse Vest RHF gikk i møte 7.12.2016, sak 142/126 inn for sal av eigedomen. Det blei gjort følgjande vedtak i saka:

1. *Styret sluttar seg til sal av tomt gnr 27, bnr 869, i Stord kommune.*
2. *Styret føreset at eigedomen blir lagt ut på den opne marknaden.*
3. *Det blir gjennomført føretaksmøte i Helse Fonna HF for endeleg godkjenning av sal av eigedomen.*

Etter helseføretakslova § 31 skal sal av fast eigedom avgjerast av føretaksmøtet i det einskilde helseføretaket, etter forslag frå styret. For sal av eigedomar med verdi mindre enn 10 millionar kroner er det ikkje naudsynt å leggje saka fram for departementet.

Føretaksmøtet vedtok:

Føretaksmøtet gir sin tilslutning til sal av eigedomen, gnr. 27, bnr.869 i Stord kommune i tråd med vedtak gjort i styret i Helse Vest RHF 7.desember 2016.

## Sak 5 Sal av Fitjar bu og behandlingsheim i Fitjar kommune

Styret i Helse Fonna gjorde i styremøte 13. januar 2017 følgjande vedtak i sak, Sal av Fitjar bu og behandlingsheim:

1. *Styret i Helse Fonna HF tilrår sal av Fitjar bu og behandlingsheim til Fitjar kommune i tråd med vilkåra i gjeldande avtale.*
2. *Saka sendast til Helse Vest RHF for vidare handsaming.*


Saka blei oversendt Helse Vest RHF for vidare behandling og styret i Helse Vest RHF gikk i styremøte 02.02.2017, sak 011/17 inn for sal av eigedomen. Det blei gjort følgjande vedtak i saka:

1. *Styret sluttar seg til sal av g.nr 67, b.nr 63 Havnevegen 4, Fitjar Bu og behandlingsheim i Fitjar kommune.*
2. *Styret føreset at eigedomen blir seld i tråd med avtale inngått mellom Helse Fonna HF og Fitjar kommune.*
3. *Det blir gjennomført føretaksmøte i Helse Fonna HF for endeleg godkjenning av sal av eigedomen.*


Etter helseføretakslova § 31 skal sal av fast eigedom avgjerast av føretaksmøtet i det einskilde helseføretaket, etter forslag frå styret. For sal av eigedomar med verdi mindre enn 10 millionar kroner er det ikkje naudsynt å leggje saka fram for departementet.

Føretaksmøtet vedtok:

Føretaksmøtet gir sin tilslutning til sal av eigedomen, gnr 67,brn.63 Havnevegen 4, Fitjar bu og behandlingsheim i tråd med vedtak gjort i styret i Helse Vest RHF 2. februar 2017.

 den 08.03.17

Kjell Arvid Svendsen

Sola, den 8/3 - 2017  
  
Terje Vareberg